

Oddvin Fossøy  
Fossøyane 58  
6871 Jostedal.

Jostedal, 11. juli 2017.07.11

Luster kommunestyre  
v/ ordføraren  
Gaupne.

### **SOGNEFJELLSTUNNELANE/ HANDSPIKTUNNEL – KVVU**

Eg ber hermed kommunestyret rette eit krav til samferdselsdepartementet med krav om konseptvalutgreiing (KVVU) for både Sognefjellet og Handspikvegen mellom Jostedalen og Skjåk.

Det er grunn til å meine at baae alternativa har kvalitetar, men så lenge ingen av dei har gjennomgått nemnde utgreiing, kan ein ikkje vite noko sikkert om dette. Det bør være av stor politisk interesse å få ei slik avklaring frå fagetaten ved vegkontoret.

Ved fredinga av Reinheimen/Breheimen freda sentrale styresmakter også traseen for ein sommarveg mellom Jostedalen og Skjåk for all framtid. Staten gjeikk ikkje inn med noko form for avbøtande tiltak, sjølv om det ville vere heilt naturleg i dette høve at Handspiktunnelen kom som eit tilbod til erstatning for den freda traseen.

Det ville ikkje vere noko meining heller i eit slikt tiltak så lenge ein ikkje veit noko om kor egna kvalitetane ved denne fjellovergangen er, målt mot krava fagetaten stiller opp med.

Ut frå dette er det mange som meiner det er viktig med ei avklaring i gjennomføring av ein KVVU for baae alternativa, for der igjennom å skape grunnlag for solide argument i framtidige krav om vegutløysing austover/nordover.

Ein vonar kommunestyret ser verdien av slike utgreiingar !

Med helsing

Oddvin Fossøy – sign.